



Martha Irene Flæsland  
Allébakken 13  
5230 PARADIS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 23/4688 - 23/54964

Saksbehandlar:  
Lene Helgesen  
lene.helgesen@alver.kommune.no

Dato:  
29.06.2023

## Tilbakemelding vedrørende søknadsprosess - gbnr 58/42 Lygren indre

Tiltak: Dispensasjon  
Byggjestad: Gbnr: 58/42  
Tiltakshavar: Terje Hoel  
Ansvarleg søkjar:

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 09.06.2023.

### Søknaden er ikkje komplett.

Viser til tidlegare mangelbrev og e-post dialog.

Byggesaksvakta skal svara ut generelle spørsmål og kan ikkje veileda i konkrete pågåande saker. Eg beklagar at du fekk misvisande informasjon om dispensasjon frå § 1-8 der.

Eigedommen er omfatta av reguleringsplan Buskeneset/ plan id: 1263-07021985. Arealet er avsett til fritidsbustad, gjeldande plan har eigne områder avsett til naustbygging. Planen opnar ikkje for etablering av naust i areal avsett til fritidsbustad. De må difor søka dispensasjon frå arealformålet. Søknaden må innehalde naudsynt informasjon om tiltaket, kva det søkast dispensasjon frå, og situasjonsplan med alle naudsynte mål (sjå vedlagt rettleiar)

Såfremt innglassing av terrasse er i samsvar med gjeldande reguleringsplan i høve arealformål og grad av utnytting, vil ikkje tiltaket krevje søknad om løyve. Dette er tiltakshavar sitt ansvar å kontrollere jf. byggesaksforskrifta § 4-1.

Kommunen kan tilby førehandskonferanse for å avklare føresetnadar for eit konkret aktuelt tiltak, og krav knytt til plangrunnlag, lovverk og saksgang. Gebyr for førehandskonferanse er kr. 5561. For at du skal få godt utbytte av ein førehandskonferanse ber kommunen om at du legg ved følgande:

- kva du skal byggje: kart, teikningar og skisser
- kor stort du skal byggje: høgde, breidd, areal

- kva du skal bruke byggverket til
- informasjon om korleis du tenkjer å løyse veg, vatn, kloakk
- spørsmåla du ønsker svar på i møtet

Vi legg ved NKF sin rettleiar med omsyn til plan, snitt, fasadeteikningar og situasjonsplan.

Alternativet er å hyra ein ansvarleg søker som kan stå for søknadsprosessen. Eit ansvarleg føretak vil finne fram til kva det må søkjast om, kva dokumentasjon som krevjast for søknaden, og korleis dette skal leverast til kommunen.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 01.09.2023 Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

## **GENERELL INFORMASJON**

### **Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad**

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Lene Helgesen  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Vedlegg:**

19+-+Situasjonsplan+-+rev+februar+2021  
17+-+Teikningar+-+rev+februar+2021

### **Mottakarar:**

Martha Irene Flæsland  
Terje Hoel

Allébakken 13  
Allébakken 13

5230 PARADIS  
5230 PARADIS